



# DEN NORSKE KYRKJA

## Møre biskop

Det kgl. helse- og omsorgsdepartement  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Dato: 04.07.2006

Vår ref: 06/158-5 OB/MI.

Dykkar ref: 200601054 -/INR

### Høyring - endringar i bioteknologilova

Det ligg allereie føre fleire kyrkjelege høyningsfråsegner om denne viktige saka, og svara går nokså eintydig i same lei. For oss som kyrkje er det viktig å halde fast på nokre grunnleggjande, etiske prinsipp, og mitt svar vil konsentrere seg om dei utan å gå inn på einskilde spørsmål i samband med dei konkrete forslaga i høyningsnotatet.

- Sjølv om mennesket også etter bibelsk lære har klåre likskapstrekk med skapningen elles, er det også ein grunnleggjande skilnad ved at både Det gamle og Det nye testamentet seier at mennesket er ”skapt i Guds bilete”. Det gjer at menneskelivet har krav på eit heilt anna vern enn alt anna liv som Gud har skapt. Dette må få følgjer for medisinsk forsking, fordi det er visse grenser som ikkje må overskridast.
- Dette menneskesynet inneber at menneskeverdet aldri kan forankrast i eigenskapar, helse eller yteevne hos mennesket, for då vil ein alltid få problem både i ”ytterkantane” av livet (fødsel og død) og elles. Det er såleis ikkje akseptabelt å gradere menneskeverdet eller å tale om ”verdig” eller ”uverdig” liv. Vi skal ikkje tale lettvint om liding og sjukdom, men alt menneskeliv, også det svakaste, har verdi.
- I praksis må vi derfor som kyrkje framleis hevde mennesket sin ukrenkjande verdi frå konsepsjon til naturleg død. Å forske på befrukta egg er prinsipielt ganske problematisk. Professor og stortingsrepresentant Inge Lønning påpeikar med rette at ein legg større vekt på omsynet til forsking enn på vern om det ufødde livet.
- Det gamle, etiske prinsippet som ikkje minst filosofien Immanuel Kant hevda – at eit menneskeliv aldri kan vere middel for noko anna –, har god basis i kristen og humanistisk tenking. Å skape såkalla ”redningssøsken” eller donorborn som kan levere vev til ein sjuk bror eller ei sjuk søster, kan vere eit brot med dette etiske prinsippet.

Ut frå denne tankegangen er det god grunn til å halde fast på ei restriktiv linje i dei spørsmåla som no er ute til høyring. Det er godt og prisverdig at ein stadig søker å redusere lidingane i menneskelivet og å finne helsebot for sjukdom, men det kan ikkje gjerast på kostnad av grunntankar som har vore berande for vår europeiske sivilisasjon til no.

Vi ser at ein står overfor vanskelege dilemma og at det trengst ei nyansert drøfting av enkeltpørsmål, men som andre kyrkjelege høyringinstansar vil eg åtvare mot å opne for forsking og behandling som vil undergrave viktige etiske prinsipp. Eg innser at forskinga stadig må vidareutviklast, men denne prosessen må baserast på ein betre prinsipiell refleksjon enn tilfellet er i høyingsnotatet.

Med helsing



Odd Bondevik  
biskop